

Betre miljø

Eit godt miljø skapar trivsel både for fastbuande og tilreisande. Ei berekraftig utvikling vil vere avgjerande for livsgrunnlaget for dei som kjem etter oss. Dette er både eit kollektivt og eit personleg ansvar.

Den vedtekne energi- og klimaplanen må brukast aktivt i arbeidet for redusert energibruk.

Ål Venstre vil:

- arbeide for meir kjeldesortering og attvinning
- bruke energitiltaksfondet aktivt for å fremje energisparing og meir bruk av grøn energi
- verne utvalde elvar mot utbygging

Sentrumsutvikling

Etter fleire år med satsing er Sundre i ferd med å bli eit triveleg handelssentrum. Dersom vi ynskjer at ungdom og barnefamiliar skal velja Ål som buplass i framtida, så må denne satsinga halde fram.

Når private aktørar og kommune dreg i same retning blir dette ein suksess. Ål stasjon og området rundt har eit stort utbyggingspotensiale, og må sjåast i samanheng med utviklinga på Sundre.

Ål Venstre vil:

- utvikle "Sundrebyen" gjennom ei strategisk utvikling av heile sentrumsområdet
- inkludere området frå Sundre - Ål Stasjon og den grøne aksen frå Hallingdal Feriepark til Bråta Idrettspark i planlegginga
- vidareutvikle Bråta Idrettspark til eit allsidig idretts- og rekreasjonsområde, med ny bade-plass og utvida aktivitet
- stimulere til auka samarbeid mellom private og offentlege aktørar

Interkommunalt samarbeid i Hallingdal

Hallingdalskommunane har lang tradisjon for interkommunalt samarbeid. Etter kvart som kommunane blir pålagde nye oppgåver må dette samarbeidet utviklast vidare.

Ål Venstre vil:

- drive politisk arbeid for å få fleire statlege arbeidsplassar til Hallingdal
- satse på desentralisert høgare utdanning tilpassa arbeidslivet sitt behov
- profilere Hallingdal sterkare i både offentleg og privat verksemd
- betre kollektivtilbodet i Hallingdal, til dømes pendlarbuss Geilo-Ål-Gol-Nesbyen
- halde høgt trykk på arbeidet for ein moderne Bergensbane med Ringeriksbane komande periode
- tilby energirådgjeving i pakt med vedteke klima- og energiplan for Hallingdal
- halde fram arbeidet for ein betre RV7

Venstre i Ål vil:

- prioritere omsynet til naturmiljøet og kulturlandskapet i den kommunale forvaltninga
- praktisere meiroffentlegheit i all kommunal forvaltning
- at ungdomsrådet blir høyrte i saker som gjeld Ål inn i framtida

Ål Venstre

2011-15



venstre

Gode oppvekstmiljø

Ål har sosiale og godt tilpassa born og unge med sjølvtilitt. Skulen må bidra til å dyrke fram motivasjonen for vidare læring. Den viktigaste innsatsfaktoren for ein betre skule er fagleg kompetente og motiverte lærarar. Målet er å kunne tilby ein kunnskaps-skule med like mogelegheiter for alle.

Ål Venstre vil:

- "ha læraren i fokus". Me vil prioritere høg kompetanse og etterutdanning blant fagpersonar i skule og barnehage
- at grunnskulen i Ål skal baserast på 3 barneskular. Ein i Leveld, ein på Torpo og ein for sentrums-området
- ha tidleg innsats for å øve opp gode kunnskapar i basisfaga der det vert lagt særleg vekt på lese-opplæring
- gjennomføre 1 skuletime med fysisk aktivitet per dag for alle elevane i grunnskulen
- tilføre auka ressursar til skulehelsetenesta for å ta vare på eleven si totale helse
- ha eit sterkare fokus på tilbod som gir praktisk læring på ungdomsskulen

Allsidig næringsliv

Kommunen skal legge til rette for etablering av nye – og utvikling i eksisterande – bedrifter. Nye tomter i Kleivi Næringspark og ved Oppsjø er eit godt grunnlag for dette.

Næringstilskot til utvalde tiltak i næringslivet kan vere med å bidra.

Kommunen må vere pådrivar for samarbeid mellom mindre utbyggjarar, til dømes ved nye og større hyttefelt. God kommunal infrastruktur er viktig for både busetjing og næringsutvikling, ikkje minst i grendene.

Ål Venstre vil:

- auke standarden på kommunale vegar i heile kommunen
- vri bruken av næringsfondet over på tilrettelegging og utviklingsretta tiltak
- støtte etablering og utvikling av eit utviklings/forskingstilbud basert på helserelaterte tenester
- ha ein bustadpolitikk som legg til rette for eit variert butilbod. Sørge for ledige tomter av forskjellig storleik og plassering
- vurdere etablering av eit offentleg-privat utbyggings-selskap for utvikling av bustader og næringsbygg for sal og utleige

Gode helse- og sosialtilbod

Samhandlingsreforma er ei stor og viktig utfordring for kommunane, med større fokus på førebyggjande arbeid og meir behandling lokalt. Dette støttar opp under grunnleggjande verdiar for Venstre: at folk har eit ansvar for eiga helse, men og at omsorgstenestene skal sikre at ein får hjelp når ein treng det.

Ål Venstre vil:

- gi Frivilligsentralen gode arbeidsvilkår for å styrke førebyggjande helsearbeid
- at fleire omsorgsoppgåver kan løysast i folk sitt nærmiljø
- at kommunen skal vere eit føredøme for andre bedrifter i å leggje til rette for at alle kan bidra med den arbeidsevna dei har
- arbeide for interkommunale løysingar der dette gjev betre ressursutnytting eller styrka fagmiljø
- setje førebyggjande helsearbeid på dagsordenen i alle sektorar i kommunen
- støtte dei frivillige organisasjonane som driv førebyggjande tiltak, særleg for barn og ungdom

Kulturbygda Ål

Ål Venstre vil ta vare på og byggje vidare på det kulturelle mangfaldet i kommunen med kulturhuset som det naturlege kraftsenteret. Satsing på auka fysisk og kulturell aktivitet gjev gevinstar i eit folkehelseperspektiv. Kommunen skal bidra til gode arbeidsvilkår for dei friviljuge laga.

Ål Venstre vil:

- støtte opp om vidare utvikling av Ål kulturhus
- at arrangement som har stor verdi for Ål kommune skal sikrast gode rammevilkår
- at kommunale tilskot skal vere med å sikre at privateigde idrettsanlegg vert haldne ved like på ein god måte
- sørge for eit variert kulturtilbod uavhengig av alder og livssituasjon
- støtte opp om ei etablering av Leveld kunstnartun
- arbeide for tilrettelegging av sykkelveggar for friluftsliv/folkehelse og reiseliv